



Denne skissa viser ledningane i fjorden sentralt i Uskedalen.

Neste byggjesteg for sanering av kloakkavløpet i Uskedalen nærmar seg og ein vesentleg del av prosjektet er sjøleidningar. Det skal leggjast tilsaman 2590 meter slike ledningar.

Konsulenten Asplan Viak har søkt Kystverket om løyve til leggjing av desse ledningane, men Kystverket har svara at det nå er kommunen som har ansvaret for å gje slikt løyve.



Leidningen ut mot Børnes.

Det er vedteke ny lov om hamnar og farvatn som trådte i kraft ved siste årsskifte. Den nye lova inneber at kommunen tek over forvaltningsansvar og myndigheit innanfor kommunen sitt sjøområde - med visse unntak. Dette betyr at det no er kommunen som har ansvaret for å handsama søknader om løyve etter den nye lova og søknaden som gjeld Uskedalen er difor sendt over til kommunen som rette instans.

Det som skal skje i Uskedalen er samling av avløpsvatnet og pumping til slamavskiljaren på Børnes. Det skal skje gjennom dette rørsystemet:

* Det skal leggjast ein 260 meter lang dykkarleidning med dimensjon 125 millimeter frå Beinavikjo til Uskedalen Brygge.

* Det skal leggjast ein pumpeleidning med dimensjon 110 millimeter på 950 meter frå Beinavikjo til Stølavikjo. . Denne leidningen skal belastast med betonglodd.

* Det skal leggjast ein 1.380 meter lang leidning frå Stølavikjo til Steinsletten. Denne skal ha ein dimensjon på 200 millimeter.

Det heiter i søknaden at tiltaket ikkje vil medføra visuelle endringar over sjøvatn-nivå.

Av Ola Matti Mathisen